



Kjell Yri jubla saman med Synnøve Handeland men vart ikkje valt på grunn av ein feil. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Veljarane ville ha uskedelingen i kommunestyret, men ein feil på stemmesetlane slengde Kjell Yri (V) ned på varaplass, skriv Sunnhordland. Valgeneral Geir Mogren opplyser at det vart gjort ei feilvurdering i samband med reduksjonen frå 45 til 35 medlemmer ved førre val.

For å finna talet både på medlemmer i formannskapet og kor mange slengjarar ein skal kunne gje, skal talet på medlemmer delast med fire. 35delt på fire blir 8,75, noko som for formannskapet blir runda opp til 9. Det var her det vart gjort ein feil ved at dei runda av oppover for slengjartalet og. Vallova seier at ein fjerdedel av medlemene i kommunestyret er den øvre grense for kor mange slengjarar som kan gjevast.

Ein skulle difor ha runda av nedover for å halda seg innanfor gjeldande lovverk. Først rundt midnatt valgdagen vart feilen oppdaga. Då dei kom til den første setelen med ni slengjarar fekk dei ikke lagt den niande i systemet. Valgeneralen undrar seg over at selskapet som leverer teljesystemet ikkje oppdaga feilen.

Mogren lovar at dei ikke kjem til å gjera same feilen igjen. Hvis det no skjer ein reduksjon til 27 veit dei at grensa for slengjarar vil bli seks sjølv om 6,75 blir runda opp til sju for formannskapsmedlemene

Marianne Lund Andersen vart valt i staden for Kjell Yri og han seier at ho har vore ein kjemperepresentant for partiet og jobba vel så godt som han kunne gjort. Yri tek ikke feilen som sendte han ut særleg tungt sjølv om det var kjekt å få den tilliten frå veljarane som trengst for å bli valt

Han opplyser også at han vil stilla til val att neste år.

Av OlaMatti Mathisen